

Frå Memoarv/ Bjørn Enes  
Til Kultur og idrettsavdelinga i Hordaland Fylkeskommune  
v/ Marianne Ose Askvik (Kopi: Ronny Skaar)

## Takk for tildeling – og spørsmål om oppklarande møte.

Memoar takkar for tildelingas av 170.000 kr. Til år 2 av prosjektet «Krafttak for munnleg historie i Hordaland». Akseptbrev er vedlagt.

Me avleverer også straks rapport for år 1, og justert budsjett for år 2.

### Behov for møte:

I tildelingsbrevet vert det peika på at handsaming og arkivering av det innsamla materialet er ei utforedring. Som kjent er det eit hovudmål for Memoar at det offentlege arkiv-, biblioteks- eller museumssystemet skal ta mot munnleg historie av den typen som Memoar samlar og oppmodar andre om å samla inn.

Per i dag tek ikkje offentlege arkiv mot slikt materiale – med nokre få unntak. Difor er dette eit *politisk* mål. Det Memoar på eiga hand kan gjera, er å etablera eit mellombels privatarkiv, og ordna det slik at det er klart for avlevering nmår me finn eit offentleg arkiv som vil ta mot. Det har me gjort, og det fungerer bra.

Me er hundre prosent overtydde om at også hovudmålet vil lukkast. Slike arkiv er svært vanlege i andre land, og det er eit savn for mange at dette ikkje er på plass i Noreg.

I februar 2018 arrangerer me den fyrste Memoarkonferansen (sjå [www.memoarkonferansen.no](http://www.memoarkonferansen.no)). Der vert arkiveringsspørsmålet viktigaste tema. På ein workshop på UiB dagen før sjølve konferansen, er målet å meisla ut ein felles arkivstrategi for Norsk etnologisk gransking, Folkeminnesamlinga, Samiske samlingar, Skeivt Arkiv, Etno-folkloristisk arkiv ved UiB og Memoar. For alle desse er handsaming og arkivering munnleg historie ei sentral interesse. Det er umogleg å sei når den framtidige løysinga som vonaleg kjem ut av ein slik fellesstrategi kan vera på plass. Men i 2018 blir det neppe.

Derfor vil me gjerne møte Kultur og idrettsavdelinga for å drøfta korleis me kan oppfylla føresetnaden om at ein plan for langsiglig arkivering må vera på plass og avtale etablert om dette før utbetaling av tilskotet kan finna stad.

### Diskusjonstema:

Avdelinga er sjøvsagt kjend med at Fylkesarkivet i Hordaland har avvist vårt oppmoding om å ta imot munnleg kjeldemateriale og gitt klar melding om at deller ikkje er aktuelt vurdera endringar av dette.

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane ser ut til å ha ei heilt anna haldning, og er mellom dei arkiva som både har tatt i mot og som formidlar munnleg materiale i form av lyd- og videooppptak. Me har ikkje kontakta dei enno, men dersom ein avleveringsavtale med dei vil vea ein måte å oppfylla føresetnaden på, vil me gjer det. Det er jo heller ikkje så unaturleg, i og med at de to fylka skal bli eitt.

Det siste alternativet me ser i regionen er Bergen Byarkiv eller Arkiv Vest (tidlegare lokalarkiv Bergen). Begge ynskjer på sikt å etablera arkiv for munnleg historie. Men dei har ikkje infrastruktur til det i dg. Ei mellomløysing vil kunne vera at dei gir plass til vårt materiale i eit Digitalt Sikringsarkiv som er under oppretting. Der vil det ikkje skje noko anna med det enn at det vert bevart fram til eit arkiv for munnleg historie er på plass.

Utanfor regionen kan det sjå ut til at vegen er litt kortare. Som nemnt er Norsk etnologisk gransking svært interessert i å bygga opp eit «munnleg riksarkiv». Men per i dag har dei berre infrastruktur på «demo»-nivå. Det andre og mest synlege alternativet vil vera Nasjonalbiblioteket. Dei har infrastruktur – men dei har ikkje sett munnleg historie som ein del av sitt oppdrag til no.

Dette er det viktigaste spørsmålet me ynskjer å drøfta. Elles ville det også vera hyggeleg å få høve til å fortelja litt om utviklinga av krafttaket for munnleg historie i Hordaland.

Beste helsing Bjørn Enes,  
leiari av Memoar

